



ÅRSMELDING 2023

Generelt:

- Vi har mottatte 193 556 alarmer frå tryggleiksalarm og velferdsteknologi. (180 179 i 2022)
- Talet på tilknytte tryggleiksalarmer er ca.2200 aktive alarmer. Alle eigarkommunane er tilknytt sentralen med tryggleiksalarmer.
- Mottatte og handtert 8 879 (10 563 i 2022) automatiske alarmer.
- Mottatt 3878 brannalarmer inkl. test.
- Overført til 110 Vestland 601 alarmer for utalarmering. I 2022 overførte vi 472.
- Det er 988 brannsentraler knytt opp mot Alarmsentralen med automatisk varsling.
- Mobilnettet skal fornyast i Noreg. Vi går frå 2G til 4G. Dette medfører eit omfattande kostnad og arbeid der alle alarmsendarane både på tryggleiksalarmer - brannalarmer – heisalarmer og liknande må skiftast ut. Arbeidet med utskifting av tryggleiksalarmane og velferdsteknologi er starta og blir styrt frå Alarmsentralen. Dette vil vere ferdig innan utgangen av 2024. Alarmsendarar for brann – heis og liknande er det kommunane sjølve som styrer.
- ALSF budsjetterte i 2023 med netto bruk av disposisjonsfond på kr 0 og avsetning til disposisjonsfond på kr 250 000. Rekneskapan for 2023 viser eit overskot på kroner 266 635,- i tillegg til budsjettert avsetnad til disposisjonsfond på kroner 250 000,- Totalt blir overføring til disposisjonsfond i 2024 på kroner 516 635,-
- Styret har gjennomført 2 styremøte (teams)
- Representantskapet har gjennomført 2 møter (teams).
- Pr. 31.12.2023 arbeider det 13 årsverk ved sentralen fordelt på 13 fast tilsette + vikarane sentralen brukar.
- Fråvær: Alarmsentralen har to operatørar på vakt 24/7 heile året. Dette kan til tider vere utfordrande. Vi har siste åra hatt fleire personar ute med langtidssjukemelding grunna sjukdom. Dette fører til meir bruk av vikarar og meir bruk av overtid.

Teknisk

Teknisk drift/vedlikehald har vore på eit normalt nivå i 2023. Det har vorte bytta ein del kjernekomponentar og det meste av nettverks kablinga i datasenteret. Vi har og fjerna ein heil del gamle komponentar som vi hadde i forbindelse med det gamle tryggingssalarm mottaket.

Drifta av sentralen har stor sett vore normal med nokre mindre avvik. Dette har ikkje medført driftsstans på Alarmsentralen. Vi har sett i drift nytt mottak for heisalarmer. Dette er parallelt med det gamle mottaket. Dette er i forbindelse med overgang frå 2G Sendarar til 4G Sendarar.

Det er to leverandørar som kan levere alarmsignal til oss. AddSecure som har vore med å mange år. Ein ny leverandør som heiter XSecure har innstallert sitt utstyr hjå oss og kan levere alarmoverføring.

Responsenter

Responsenter plattformar har fungert bra. Vi arbeidar heile tida opp mot leverandør for å få den betre. Spesielt på funksjonalitet. Hausten 2023 starta vi arbeidet med utskifting av alle tryggingssalarmane. Dette gjennomføre vi som et prosjekt med avslutting i løpet av 2024. Dei første kommunane fekk sine nye



ALARMSENTRALEN IKS

alarmar seint på hausten. Utsiftinga av alarmar går etter planen bra, men det er mykje logistikk som skal stemme så det er et omfattande arbeid som skal gjennomførast.

Nødnett:

Alarmsentralen har tilgang og er brukar av nødnett. Dvs. at vi etter avtale med DSB og brukar BRANN 10 som vår unike kanal. Våre kommunar vil difor alltid nå Alarmsentralen på denne kanalen som vi vil lytte på 24/7.

Vi ser det som viktig å kunne ha tilgang til naudnett som ei reserveløysing i det viktige arbeidet sentralen utøver for sine eigarkommunar.

Prosjektarbeid:

Alarmsentralen har i 2023 starta arbeidet med å få på plass nye tryggleiksalarmar med tilhøyrande velferdsteknologi i våre eigarkommunar. I tillegg skal alle alarmsendarar som overfører automatiske alarmar mot alarmsentralen bytast. Dette er eit omfattande arbeid som må utførast fordi ein i Norge vil ta vekk 2G nettet som dagens alarmar brukar. Det kjem nytt 4 og 5 G nett som dei nye alarmane skal bruke. Arbeidet er godt i gang rundt i kommunane. Målet er at ein skal vere ferdig innan utgangen av 2024. Alarmsentralen har tatt ut ein av operatørane frå turnus til dagtid for å klare å få programmert og utlevert 2400 tryggleiksalarmar.

Likestilling

Det er ved Alarmsentralen tilsett 13 årsverk pr.31.12.2023. Disse er fordelt på 4 menn og 9 kvinner. Sentralen har i tillegg pr. dags dato 4 vikarar (1 mann og 3 kvinner).

Alarmsentralen oppføljer kriteria for kjønnsrepresentasjon i styret. Det er krav om 40% kjønnsrepresentasjon i styret for interkommunale selskap. I 2023 var styret representert med 2 menn og 3 kvinner. I tillegg var det to vararepresentantar. Ein av kvart kjønn.

Vi oppfyller krav til likestilling. Det er difor ikkje satt i verk spesielle tiltak for å fremme dette.

Sjukefråvær:

Sjukefråvær i 2023 12,7%. 2022 10,8%. 2021 10,7%. 2020 9,9 %. 2019 3,2 %.

Tryggleiksalarmar og velferdsteknologi:

Telenor avviklar 2 G nettet og våre tryggleiksalarmar brukar dette nettet. Hovudfokuset på Alarmsentralen IKS opp mot våre eigar kommunar har av den grunn vært planlegging og iverksetjing av utskifting av 2G tryggleiksalarmar til 4G tryggleiksalarmar. Planleggingsfasen gjekk over første halvår. Bestilling av nye tryggleiksalarmar blei gjort før sommaren, og hausten 2023 starta arbeidet. Teknikar Roy Humlestøl koordinerer prosjektet og har dialog opp mot kommunane. Operatør Oddbjørn er tatt ut av turnus for ein periode, han programmerer og klargjer kvar enkelt tryggleiksalarm og leverer ut samla til kvar enkelt kommune. Prosjektet har god framdrift og estimert ferdig i 2024.

Alarmsentralen IKS hadde til ein kvar tid om lag 2200 aktive tryggleiksalarmar utplasserte i våre 17 eigar kommunar. Av velferdsteknologi har våre eigar kommunar i aktiv bruk ulike digitale tilsyn via tryggleiksalarmane. Dette omfattar røykvarslar, sengealarm, stolalarm, matte/golvalarm, bevegelses sensor, elektronisk medisindosett, døralarm og ulike utløysings knappar til tryggleiksalarman som kinn



ALARMSENTRALEN IKS

kontakt og Jelly Bean knapp. Av velferdsteknologi som har sjølvstendig SIM kort og varslar direkte inn til den digitale responscenter løysinga har vi Safemate (GPS overvaking), Dignio multidosedispensar og planlagt kameratilsyn.

Brukarmøte var i november 2023 arrangert på Skei Hotell i samarbeid med vår leverandør NetNordic Norway. Det var svært god respons frå våre eigar kommunar med 75 påmelde.

E-helse Vestland dar Alarmsentralen IKS var representert i prosjektgruppa har nå gått inn i Digi vestland. Vi er ikkje direkte representert der, men fleire av våre eigar kommunar er inne via ulike prosjekt. I hovudsak digital heimeoppfølging.

Regjeringa har introdusert helseteknologiordninga som skal drive satsinga innan velferdsteknologi, digital heimeoppfølging og journal vidare. I forbindelse med dette, og som oppfølging av rapporten frå 2016 om responstenester, er Alarmsentralen IKS, saman med andre aktørar, invitert inn i eit samarbeid for å komme med innspel om framtidens responsentertene. Formålet til Helsedirektoratet er å kartlegge om dette kan være eit felt som det bør iverksetjast eit arbeid på nasjonalt.

Alarmsentralen IKS inngjekk på vegne av våre eigar kommunar Rammeavtale velferdsteknologi med NetNordic Norway 09.02.2021. Denne avtala hadde ei varigheit på 2 år med mogeleg for opsjon i 1 år + 1 år. Vi har tatt ut opsjon på 1 år + 1 år. Dermed går Rammeavtale velferdsteknologi til 08.02.2025.

Automatiske alarmer:

Tal alarmer tilknytt sentralen:

Type	2020	2021	2022	2023
Brann	836	888	936	991
Heis	214	214	215	210
Innbrot	132	128	116	118
Sprinklar	78	80	82	82
Nøkkelsafe	233	255	280	310

Tal på automatiske alarmer kopla opp mot sentralen blei i 2023 auka og førte til ei inntektsauke for sentralen. Tal bygg er fordelt mellom Privat Næring –kommunale og privat bustad.

<u>Eigar</u>	2022	2023
Kommunale bygg	399	413
Privat næring	526	573
Privat		2

Sak 02 – 2024 Rekneskap 2023

Alarmsentralen budsjetterte i 2023 med netto bruk av disposisjonsfond på kr 0 og avsetning til disposisjonsfond på kr 250 000. Samla avsetning til disposisjonsfond etter årsoppgjersdisposisjonane er kr 516 635 i 2023.

Netto driftsresultat kr 867 489

Interne finanstransaksjonar:

Bruk av disposisjonsfond kr 0

Overført til investeringsrekneskapet kr 70 000



ALARMSENTRALEN IKS

Avsett til disposisjonsfond	kr 516 635
Dekning av tidlegare års meirforbruk	<u>kr 280 854</u>
Sum avsetningar	kr 867 489

Investeringsrekneskap:

Det blei i 2023 føretatt fylgjande investeringar:

Prosjekt 11007 Nye tryggleiksalarmar 2023	kr 6 741 992
Prosjekt 88204 Eigenkapitalinnskott KLP	<u>kr 69 424</u>
Sum	kr 6 811 416

Finansiering investeringar 2023:

Kompensasjon for meirverdiavgift	kr 1 292 605
Overføring frå drift	kr 70 000
Bruk av lån	<u>kr 5 448 811</u>
Sum	kr 6 811 416

Fond:

Pr. 31.12.2023 står det på disposisjonsfondet kr 1 615 380

Gjeld:

Samla langsiktig gjeld i balansen er på kr 31 675 175. Av dette utgjer pensjonsforpliktingane kr 25 229 735 og lån frå andre på kr 6 445 440.

Kortsiktig gjeld i balansen er på kr 2 250 707. Dette er ein auke frå 2022 på kr 1 547 316. Hovudårsak til auken er at det i 2022 var ein korleksjon på tidlegare års arbeidsgjevaravgift som gav kunstig lav kortsiktig gjeld det året.

Styremedlemmer.

Petter Sortland Ivar Kvalen Marianne Bruvik

Anita Eide Lothe Evy Bjørnset

Årsmeldinga er elektronisk signert.

SIGNATURES**ALLEKIRJOITUKSET****UNDERSKRIFTER****SIGNATURER****UNDERSKRIFTER**

This documents contains 4 pages before this page

Dokumentet inneholder 4 sider før denne siden

Tämä asiakirja sisältää 4 sivua ennen tätä sivua

Dette dokument indeholder 4 sider før denne side

Detta dokument innehåller 4 sidor före denna sida

authority to sign

representative

custodial

asemavaltuus

nimenkirjoitusoikeus

huoltaja/edunvalvoja

ställningsfullmakt

firmateckningsrätt

förvaltare

autoritet til å signere

representant

foresatte/verge

myndighed til at underskrive

repræsentant

frihedsberøvende